

Kategori: Pasientbehandling/Pasientinformasjon	Gyldig fra/til: 14.12.2022/14.12.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 3.00
Godkjenner: Synnevåg, Else Karin Fossøy	Informasjon
Dok. ansvarlig: Bente C. Leirdal	Dok.id: D69727

Hudavdelinga

Velkommen til oss på infusjonseininga



Informasjon til deg som vert behandla med infliximab

Dette heftet er laga med tanke på å gje teoretisk og praktisk informasjon knytt til behandling med infliximab.

Vi håpar at heftet kan være ei hjelp både til deg som er ny, og deg som alt er i gong med infliximab-behandling. Dersom du har spørsmål knytt til innhaldet i heftet, er du velkommen til å ta kontakt med personalet på poliklinikken ved Hudavdelinga.

Praktisk informasjon

Ved poliklinikken på Hudavdelinga, har vi ein fast infusjonsdag i veka. Pr i dag er dette ein onsdag. Pasientantalet på behandlingsdagane vil ofte variere frå gong til gong, grunna ulike intervall i behandlinga.

Ved infusjonseininga vert du møtt av ei fast sjukepleiargruppe, samt ein fast hudlege.

For å kunne leggje til rette behandlinga di på ein best mogleg måte, er det naudsynt at du gjev melding til oss om det er spesielle tilhøve vi skal ta omsyn til.

For å unngå unødig ventetid og forseinkingar, er det viktig at du kjem til den tida som er avtalt. Dersom du er sjuk eller vert forsinka til behandlinga di, er vi takksame for at du gjev beskjed om dette så raskt som mogleg på tlf 55973955.

For å få behandling med infliximab, må du føle deg heilt frisk.

Før du kjem opp i infusjonseininga, må du registrere deg via mobiltelefonen.

Vi tilrår at du et frukost samt drikk godt før du kjem til timen din.

Ta gjerne med lesestoff eller nettbrett til bruk under behandlinga.

Behandling med Infliximab

Ved Hudavdelinga sin poliklinikk vert medikamentet hovudsakeleg nytta mot psoriasis og psoriasisartritt.

Infliximab er eit antistoff, også kalla eit biologisk legemiddel. Dette medikamentet er retta mot tumor-nekrose-faktor-alfa (TNF-alfa) som vert brukt mot spesielle betennelsesprosessar i kroppen.

Målet med behandlinga er å dempe sjukdomsaktiviteten i kroppen, og at du skal bli symptomfri eller få reduserte symptom over ein lengre periode. Det vil seie at psoriasis i huda heilt eller delvis forsvinn, betring i hevelse og ømme ledd ved psoriasisleddgikt, samt reduksjon av trøttleik.

Effekten av behandlinga kan komme relativt raskt. Nokre pasientar vil merke betring allereie etter dei første 2-4 behandlingane. Behandlinga må nyttast jamleg for å oppnå optimal effekt.

Tilleggsbehandling med methotrexat

Samtidig som du vert behandla med infliximab, skal du også bruke ei lita dose methotrexat. Dette er tablettar som skal takast ein fast dag i veka. Methotrexat vert brukt som tilleggsbehandling for å redusere risikoen for at kroppen din utviklar antistoff mot infliximab, slik at infliximab sluttar å virke. Det er dessutan anbefala å bruke folsyretablettar dei seks andre dagane i veka der du ikkje brukar methotrexat.

Om du har ynskje om å verte gravid, skal methotrexat avsluttast 3 månader før planlagd graviditet. **Dette fordi methotrexat har fosterskadeleg effekt.** Du må difor sei ifrå til sjukepleiar eller lækjar på infusjonseininga om du har ynskje om graviditet, slik at ein best mogleg kan planleggje dette. Denne anbefalinga gjeld for både kvinner og menn, sjølv om den fosterskadelege verknaden berre er vist hjå kvinner som nyttar methotrexat når dei vert gravide. Er du kvinne og har ynskje om graviditet, skal det samtidig takast stilling til om du skal fortsetje med infliximab gjennom svangerskapet, eller om du skal avslutte infliximab før du vert gravid. Det er alvorsgrad av sjukdommen som avgjer om ein må avslutte behandling med infliximab før svangerskapet.

Før oppstart

Før kvar infliximab-behandling må du ta blod- og urinprøvar. Bruk prøverekvisisjonen som du har fått med dersom du tek prøver hjå fastlegen din. Prøvane tek du 1-2 dagar før planlagt behandling. Ta høgde for at det tek lengre tid å få blodprøvesvar når du tek dei hjå fastlegen din.

Same prøvar vert tekne kvar gong. Gje beskjed til sjukepleiar om du treng ny prøverekvisisjon til neste infusjonsbehandling.

Du kan også ta prøvar på HUS, eller hjå prøvetakingsstasjonen i sentrum som ligg i Zander Kaaes gate. Prøvebestillinga vert då lagt inn elektronisk.

For at det ikkje skal bli mistydingar og forseinkingar er det viktig at du avklarar med sjukepleiar kor du helst vil ta prøvane.

Prøvane gjev oss viktig informasjon om du kan få behandling eller ikkje. Dersom prøvane ikkje er tekne, kan vi dessverre ikkje gje deg behandling. Hugs også å ta med urinprøve til kvar behandling om du ikkje allereie har levert dette til fastlegen under blodprøvetakinga. Sjukepleiaren som tek imot deg går gjennom ei sjekklister for å sikre at kriteria for dagens behandling er oppfylt. Det vert også teke blodtrykk, puls, vekt og målt temperatur.

Sei i frå til sjukepleiar om du treng sjukemelding for behandlingdagen.

Under behandling

Infliximab vert gjeven som ein infusjon via ein venflon rett i ei blodåre. Vi bruker infusjonspumpe for nøyaktig snøggleik og infusjonsmengde.

Dei tre fyrste infusjonane vert gjevne over to timar. Ved ukomplisert prosedyre kan dette reduserast til 1 time etter 3. behandling.

Det er vanleg å få behandling rundt kvar 8. veke, men behandlingssopplegget vert skreddarsydd til kvar enkelt pasient.

Under behandlinga vert du observert av ein sjukepleiar.

Etter behandling

Etter dei tre fyrste behandlingane vert du observert i avdelinga i 1-2 timar etter at infusjonen er avslutta. Dersom desse behandlingane har gått utan komplikasjonar, kan du i den vidare gangen forlate avdelinga kort tid etter at infusjonen er avslutta.

Moglege biverknader.

Dei fleste som får behandling med infliximab tåler dette godt. Som ved alle medisinske behandlingar kan det oppstå biverknader. Sidan infliximab kan få innverknad på immunforsvaret ditt, er det nokre ting du lyt være merksam på.

Akutte infusjonsreaksjonar

Kan oppstå i løpet av kort tid eller innan få timar etter oppstart av infusjonen. Reaksjonen er oftast mild til moderat, og kan være av typen «flushing» (plutseleg raud hud, raudme), svimling, hovudverk eller ubehag. I sjeldne tilfelle kan ein få alvorlege reaksjonar, som for eksempel blodtrykksfall, elveblest eller at ein vert kortpusta og får andenaud. Det er difor særst viktig at du melder frå til sjukepleiar straks du merkar ubehag eller liknande.

Infeksjonar

Dei vanlegaste biverknadene ved bruk av infliximab, er ein auka tendens til luftvegsinfeksjonar som biholebetennelse, bronkitt og evt lungebetennelse.

Ta tidleg kontakt med fastlege dersom du har symptom på infeksjon. Teikn på infeksjon kan være til dømes feber, væskande sår, hoste, diare, tannverk og/eller redusert allmenntilstand.

Ved ein pågåande infeksjon, kan det være naudsynt å utsetje infusjonsbehandlinga di. Gje i så fall melding om dette til Hudpoliklinikken slik at du kan få ny time.

Forseinka hypersensitivitetsreaksjon

Ein sjeldan gong kan det kome allergiske reaksjonar i løpet av dei to fyrste vekene etter infusjonen. Symptom på dette kan være muskel- og leddsmerter, feber, kløe, utslett, hevelse i andletet, hender eller lepper, sår hals og/eller hovudverk. Dersom nokre av desse symptoma oppstår, er det viktig å ta kontakt med fastlege.

For ytterlegare informasjon om biverknader vert det vist til www.felleskatalogen.no

Vaksiner

Du skal ikkje ta levande vaksiner når du brukar infliximab (det vil seie vaksiner som består av levande, men svekka mikroorganismar). Influensavaksina består av ikkje-levande mikroorganismar, og er tilrådd å ta årleg.

Vaksinering bør leggast til perioden midt mellom to infusjonsbehandlingar for at den skal få best mogleg effekt.

For ytterlegare informasjon må du ta kontakt med din behandlande lege.

Anna behandling

Dersom du skal gjennomføre ein planlagd operasjon eller tannbehandling må du gje beskjed til oss, samt informere tannlege eller operatør om at du brukar infliximab. Planlagde operasjonar bør om mogleg leggjast til perioden midt mellom 2 infusjonsbehandlingar. Du får utlevert eit pasientkort med viktig informasjon om behandlinga. Dette kortet skal du alltid ha med deg, og vise fram ved besøk hjå lege, tannlege, skadestove eller på sjukehus.

Dette heftet vart revidert desember 2022 av Bente Christensen Leirdal: kreftsjukepleiar ved Hud poliklinikk HUS

Godkjent av: Lene Frøyen Sandvik: seksjonsoverlege ved Hudavdelingen HUS.

Ingeborg Margrethe Bachmann: avdelingsoverlege/professor ved Hudavdelinga HUS

Trude Gildestad: fagsjukepleiar ved Hudavdelinga HUS

Torill Hille Lokøen: erfaringskonsulent Hudavdelinga HUS



Hudavdelingen HUS desember 2022

Kjeldehenvisningar:

Felleskatalogen 2022: Zessly,